



## Vindkraft og friluftsliv: Kva krev DNT av myndighetene?

25. november 2019, Litteraturhuset i Oslo

Helene Ødven & Nicolas Rodriguez

# Agenda i dag

- Innspel til ein klima- og naturvenleg energipolitikk, jf. Felles brev frå natur- og friluftslivsorganisasjonane, fredag 22.11.2019.
- Gjennomgang av det miljøfaglege grunnlaget for allereie tildelte konsesjonar
- Metode for verdsetting av urørt natur
- Omgjering og tilbaketrekking av konsesjonar
- Lovforslag om tidleg avslag etter energilova
- Dagens situasjon – lite medverknad og ei stor belastning for lokalsamfunn
- Pause i vidare behandling av vindkraftkonsesjonar

# Forventningar til arbeidet etter skrinlegginga av dei utpeikte områda:

- Vi er glad for at regjeringa har uttalt at natur- og miljøomsyn skal leggjast meir vekt på i konsesjonshandsaminga.
- Men førebels er det sagt lite om kva endringar som skal gjennomførast i konsesjonssystemet.
- Det eksisterer ingen «quick fix».
- Felles brev frå natur- og friluftslivsorganisasjonane fredag 22. november.



Til Olje- og energidepartementet ved politisk ledelse:

22.11.2019

- Statsråd Kjell-Børge Freiberg
- Statssekretær Rikard Gaarder Knutsen
- Statssekretær Liv Lønnum
- Politisk rådgiver Bjørn Siem Knudsen

## **Innspill til en klima- og naturvennlig energipolitikk. Behov for gjennomgang av konsesjonssystemet for vindkraftutbygging.**

Den Norske Turistforening, Norsk Friluftsliv, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Naturvernforbundet, Sabima og Norsk Ornitologisk Forening mener det er behov for en grundig gjennomgang av konsesjonssystemet. Regjeringen har lagt bort kartdelen med de 13 utpekt områdene i nasjonal ramme for vindkraft på land, men har varslet en gjennomgang av konsesjonssystemet for vindkraftutbygging på land. Våre organisasjoner har store forventninger

## Våre hovedkrav:

1. Natur- og friluftslivsverdier må tillegges vesentlig større vekt enn i dag.
2. Det er helt nødvendig å skjerpe kravene til de miljøfaglige utredningene som gjennomføres i forbindelse med planlegging av vindkraftanlegg.
3. Krav om todelt konsesjonsvedtak som sikrer en likeverdig ansvarsfordeling mellom energimyndighetene og miljømyndighetene, der miljømyndighetenes anbefalinger i konsesjonssaker tillegges større vekt enn i dag.

## Våre hovedkrav:

4. Energiloven trenger en hjemmel for tidlig avslag til vindkraftprosjekter.
5. Konsesjonstillatelser for vind bør ha samme varighet som vannkraft jf. vannressursloven § 27.
6. Medvirkningsprosesser må styrkes jf. bestemmelsene i plan- og bygningsloven, Europeiske landskapskonvensjonen, Århus-konvensjonen, Konvensjonen om biologisk mangfold (CBD), Espoo-konvensjonen og ILO-konvensjonen.



Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag





Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag





Naturopplevelser for livet


Bergen og Hordaland Turlag



# Gjennomgang av det miljøfaglege grunnlaget for allereie tildelte konsesjonar

- Den 28. juni 2019 sendte Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF), Norges Naturvernforbund (NNV) og Den Norske Turistforening (DNT) eit brev til Olje- og energidepartementet.
- Vi fryktar at det er gjeve vindkraftkonsesjonar der det miljøfaglege grunnlaget i ettertid viser seg å vere mangelfullt.
- NJFF, Naturvernforbundet og DNT ber om at det vert føretatt nye og langt meir omfattande biologiske kartleggingar i alle vindkraftverk som er i søknadsprosess eller kor det er gjeve konsesjon, og der utbygging enda ikkje har starta.
- Organisasjonen ber energi- og miljømyndighetene utsette igangsetting av konsesjonar for vindkraftanlegg der bygging ikkje er påbegynt.

- Okla vindkraftverk
- Mehuken vindkraftverk
- Bremangerlandet vindkraftverk
- Hennøy vindkraftverk
- Guleslettene vindkraftverk
- Lutelandet vindkraftverk
- Dalsbotnfjellet





Naturopplevelser for livet

Kjelde: Radardata fugletrekk, NINA

Bergen og Hordaland Turlag





Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag





Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag





Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag





# Pris på urørt natur = kr 0

Dei siste større samanhengande naturområda med urørt preg er under press, igjen.

# Verdsetting av urørt natur

- Vi meiner at konsesjonsprosessen må inkludere kunnskap om miljøøkonomi og verdisetting av natur. Det er ein klar mangel i dagens konsesjonssystem at det ikkje føreligg eit grunnlag for pålitelege og meir fullstendige samfunnsøkonomiske analyser av kost/nytte ved vindkraftutbygging.
- Regjeringa må kome med ei bestilling for å få på plass det nødvendige FoU-arbeidet, slik at metode for verdsetting av natur vert ein del av beslutningsgrunnlaget i konsesjonsprosessane.
- Metode må på plass for at natur- og friluftslivsverdier skal tillegges vesentlig større vekt enn i dag.

# Omgjering og tilbaketrekking av konsesjon

- Det må leggjast til rette for vid tilgong for omgjering av konsesjonsvilkår, «særlige tilfelle kan de fastsatte vilkår endres av hensyn til allmenne interesser», jf. energiloven § 10-4.
- Der det viser seg å ligge føre «*ufullstendige opplysninger om forhold av vesentlig betydning*» må departementet nyte høve til å trekke konsesjonen attende, jf. energiloven § 10-3 fjerde ledd.
- Departementet må i gjennomgangen av konsesjonssystemet sikre at rettstryggleiken for allmenne interesser vert forsterka i høve dei krava som vert stilt til utgreiingskvalitet om naturmangfald, landskap, naturbasert reiseliv og friluftsliv.
- Vi ber også departementet om å styrke det rettslege grunnlaget for omgjering og tilbaketrekking av konsesjon i energilova.

# Lovforslag om tidleg avslag etter energilova

- Olje- og energidepartementet har lova å leggje fram eit lovforslag om tidleg avslag til større vasskraft- og vindkraftsaker.
- «Departementet vil utrede og legge frem et lovforslag som gir konsesjonsmyndigheten adgang til å gi tidlig avslag i større vann- og vindkraftsaker. Tiltak som medfører vesentlige negative virkninger for miljø eller annen arealbruk, eller har svak prosjektøkonomi, bør kunne gis tidlig avslag», jf. energimeldingen 2016.
- Vi forventar at det blir lagt fram eit lovforslag til høyring, som gjev adgang til tidleg avslag i større vasskraft- og vindkraftsaker.



## Grunneigarar og andre synte utbyggjar kva dei meiner om vindkraftplanar

Zephyr AS møtte sterkt motstand då vindkraftutbyggjaren møtte grunneigarar og andre i eit møte på Yndestad gard i Guddal. Utbyggjarselskapet ønskjer likevel ikkje å trekkje seg ut av området, og meiner vindkraft er naudsynt for å nå klimamål.

FULLT: Både grunneigarar og andre hadde møtt opp på Yndestad gar

AV: VILDE GRIMELID OPPEDAL | PUBLISERT: 31.07.2019 - 11:40



BUNADSKRAFT MOT VINDKRAFT: Kjersti Hjartholm spilte trompet, Wenche Midttun organiserte, Kristine Sleire Tistel holdt appell og moren Tove Kristin Sleire Tistel hjalp med bunadene. Tor Høvik



# Krever vindkraft-solidaritet fra Østlands-kommuner




Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag



# Tidlegare område utpeikt område 49





«Hordavind» - «Europas største vindkraftverk på land»?  
**Nei Takk!**

Foto: Tor Høvik, Bergens Tidende

Naturopplevelser for livet

Bergen og Hordaland Turlag



# Pause i vidare behandling av vindkraftkonsesjonar

- Gjennomgang av konsesjonssystemet må leggje vekt på konfliktdumping, medverknad og omsynet til lokalsamfunn.
- Det må utviklast metodar for sumverknad, og det må leggjast tilstrekkeleg vekt på eit berekraftig arealutvikling.
- Det må betre samordning mellom sektorlover, slik som energilova, og plan- og bygningslova. I tråd med tilrådingane frå forskingsprosjektet EVAPLAN 2008.
- Vi forventar at pausen i behandlinga av vindkraftsøknader fortsetter til det er føretatt ein grundig gjennomgang av konsesjonssystemet.

# Oppsummering

- Innspel til ein klima- og naturvenleg energipolitikk
- Gjennomgang av det miljøfaglege grunnlaget for allereie tildelte konsesjonar
- Metode for verdsetting av urørt natur
- Omgjering og tilbaketrekking av konsesjon
- Lovforslag om tidleg avslag etter energilova
- Dagens situasjon – lite medverknad og ei stor belastning for lokalsamfunn
- Pause i vidare behandling av vindkraftkonsesjonar